



Jobbnorge-ID: 94271

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat (alders- og sjukeheimsmedisin)

Ved Senter for alders- og sjukeheimsmedisin, Institutt for global helse og samfunnsmedisin, Det medisinsk-odontologiske fakultet, er det ledig ei mellombels stilling som stipendiat. Stillinga er for ein periode på tre (3) år og knytt til prosjektet «Efficacy and Pain Treatment on Depression in Patients with Dementia», finansiert av Norges Forskningsråd.

Prosjekt «Efficacy and Pain Treatment on Depression in Patients with Dementia»

Prosjektet inneber ein klynge randomisert, placebo kontrollert studie for å teste effekten av individuell smertebehandling på depresjon hjå pasientar med demens. Depresjon er eit hyppig symptom hjå pasientar med demens. Bruken av antidepressiva er høg på sjukeheimar. Nesten 50 % av sjukeheimspasientar (med og utan demens) får antidepressiva - ofte utan tilstrekkeleg effekt. Undersøkingar viser at ikkje-diagnostisert og underbehandla smerte kan auke førekomen av depresjon. Med denne studien ønskjer vi å undersøke om individuell smertebehandling har ein positiv effekt på depresjon hjå pasientar med demens.

Studien er eit samarbeidsprosjekt med [Regionalt kompetansesenter eldremedisin og samhandling \(SESAM\)](#), Stavanger Universitetssykehus; [Karolinska Institutet i Stockholm](#) og [Kings College i London](#). I tillegg arbeider prosjektleiinga saman med det Europeiske [COST-Action TD 1005](#).

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til prosjektleiar/førsteamanuensis Bettina Husebø, tlf. 55 58 67 35/48094660, e-post bettina.husebo@isf.uib.no.

Kvalifikasjonskrav og personlege eigenskapar

Vi ser etter høgt motiverte og kompetente kandidatar med relevant erfaring, kompetanse og interesser.

Krav

- Relevant utdanning på mastergrads nivå eller tilsvarande (t.d. medisinsk embetseksamen, annan helsefagleg utdanning, eller annan relevant utdanning).
- Kunnskap om og/eller arbeidserfaring frå sjukeheim vert lagt vekt på
- Erfaring med bruk av spørreskjema er ein føremon
- Særs god skriftleg og munnleg norsk er ein føresetnad
- God skriftleg og munnleg engelsk
- Kunnskap om kommunikasjon og helsetenester til eldre er eit ønske

Personlege eigenskapar

- Gode kommunikasjons og samarbeidsevner
- Interesse for tverrfagleg samarbeid og undervisning
- Evne til å arbeide sjølvstendig
- Fleksibel
- Ønskje om å lære/tillegne seg nye forskingsmetodar og nye kunnskapar
- Ønskje om å gjere ein forskjell gjennom god forskning på eit viktig område

Vi tilbyr

- Eit engasjerande, kreativt, tverrfagleg, og inkluderande forskingsmiljø som er i ferd med å etablere eit nytt universitetssenter for alders- og sjukeheimsmedisin
- Internasjonalt samarbeid knytt til Europeiske COST-Action TD 1005, deltaking i sumar/vinter skule for ph.d.-kandidatar
- Deltaking i eit prosjekt, der spørsmåla er dagsaktuelle og lite utforska, spesielt i Noreg. Resultata vil kunne ha stor nytteverdi i mange delar av helsetenesta
- Eit hyggeleg og kreativt arbeidsmiljø og jamn deltaking i tverrfagleg seminargruppe
- Gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- Eit søknadsbrev der du skriv om din motivasjon og kvifor du søker stillinga og kvifor du passar til denne
- Ei oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)

- Attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar (søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved vitnemål både på original språket og autorisert omsetjing)
- Ei fullstendig liste over publikasjonar og eventuelle andre faglege arbeid det skal takast omsyn til
- To referansar (namn og kontakinformasjon)

Du sender søknaden med vedlegg elektronisk via JobbNorge ved å klikke på knappen merka «SØK PÅ JOBBEN».

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda. Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Stipendiatstilling

Stipendiaten skal gå inn i eit godkjend opplegg for ei doktorgrad innanfor ei tidsramme på 3 år, utan andre pålagte arbeidsoppgåver ved instituttet. Du må vere tatt opp i doktorgradsprogrammet (ph.d.-programmet) ved fakultetet for å kunne vere stipendiat. Endeleg plan for gjennomføring av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter tiltreding i stillinga. Stipendiatstillinga er ei åremålsstilling.

Løn

Løn etter lønssteg 50 (kode 1017/LR20) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For søkerar med gjennomført turnusteneste lønssteg 52.

For søkerar med spesialistutdanning lønssteg 58.

Om rekruttering i statlege stillingar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkeren kan bli gjort offentleg sjølv om søkeren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkeren varslas om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: